



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 11.06.2020  
**Møtestad:** Kommunehuset/Samfunnshuset  
**Møtetid:** 09:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	Ugild i sak 023/20
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Ugild i sak 023/20
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Kjetil Eikefet under handsaming av ordførar sin habilitet i sak 023/20
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	Vara for Håvard Engeseth i sak 023/20
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset i sak 023/20

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
018/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/2020	Godkjenning av møteprotokoll
020/2020	Referatsaker
021/2020	Orienteringssaker
022/2020	Årsmelding og rekneskap 2019
023/2020	Mo nærings- og tenestesenter
024/2020	Økonomirapportering 1. tertial 2020
025/2020	Val av meddommarar for perioden 2021 - 2024
026/2020	Val av skjønnsmedlemer for perioden 2021 - 2024
027/2020	Intensjonserklæring Akson - heilskapleg samhandling og felles kommunal journalløysing
028/2020	Møteplan hausten 2020
029/2020	Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan.

### Notat frå møtet:

018/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

019/2020: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

020/2020: Referatsaker

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Referatsaker vert tekne til orientering.

---

021/2020: Orienteringssaker

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Kommunestyret i Modalen gjev ordførar fullmakt til å svare på høyringsnotat frå Vestland fylkeskommune om persontransportløyisingar ved vegstengingar

---

022/2020: Årsmelding og rekneskap 2019

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte og svarta på spørsmål.

Revisjonsleiar Janne Erstad orienterte om at regneskapen er godkjent med nokre få mindre punkt til oppfølging.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Modalen kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2019 vert godkjent.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk kr 910 197,99 vert sett av til disposisjonsfond.**

---

023/2020: Mo nærings- og tenestesenter

Behandling:

Håvard Engeset og Linda Neset var beslutta ugilde og trakk seg attende frå kommunestyret. Nathalie Yndestad og Knut Farestveit tok plass.

Ordføraren har undersøkt med KS-advokat om han kan vere ugild. Rådet frå Ks var at det var han ikkje. Ordførar ba om at kommunestyret gav evt. uttrykk for om han skulle besluttast ugild. Ordførar trødde til sides medan Inga J Nåmdal tok plass. Varaordførar leia avstemminga om ordførar var ugild. Avstemming: ingen stemmer for at ordføraren var ugild, og han tok på nytt sete i kommunestyret medan Nåmdal trødde til sides.

Jannike Neset (dagleg leiar) og Ivar Bergo frå Uni Micro AS haldt ei orientering om verksemda si for kommunestyret.

Ann-Jorunn Farestveit spurde om det var planar for bygget på Øvre Helland etter evt. innflytting i nytt bygg på Mo. Uni Micro AS hadde ikkje lagt planar for dette. Dei opplyste at dei var leigetakarar i noverande bygg. Kristin Nåmdal gav uttrykk for at kommunen sette pris på Uni Micro AS som verksemd og representant for Modalen. Rådmann understreka den gode prosessen i samarbeidet med Uni Micro AS fram til sakshandsaminga i kommunestyret i dag.

Ole Kristian Øvre Helland spurde om Modalen Næringsbygg AS hadde planar for bygget på Øvre Helland etter evt utflytting. Ordførar meldte at det ville bli ei eiga sak i samand med handsaming av eigarskapsmeldinga til hausten.

Ann-Jorunn Farestveit spurde om Uni Micro AS hadde tankar om storleik på det nye lokalet på Mo. Bergo svara at dei var nøgde med den løysinga som ligg føre.

Teknisk sjef Tone S. Skuggevik og prosjektleiar Steinar Barmen (Forum arkitekter) presenterte bakgrunn og planar for nytt nærings- og tenestesenter. Ole K. Ø. Helland spurde m det var tatt høgde for tilstrekkeleg parkeringsareal i samband med utvida byggs-kisse. Barmen viste til utomhusplan kor første rad på noverande parkeringsplass forsvinn (ca. 5 oppstillingsplassar). Det er ikkje avklara løysing per d.d. Dette vert arbeida inn i fortsetjinga av prosjektet. Barmen viste til at det er gjort ei undersøking av grunnforholda med omsyn til bygging. Rapporten tilseier at dette ikkje skal vere problematisk.

Ole K. Ø. Helland: skal det byggjast nytt bygg utan takutstikk - korleis sikre at vatn renn dit det skal. Barmen viste til at dette er sikra av utførande arkitekt som har teikna bygget. Roger Fure spurde om prisen som er gjeven av L. Jønsson er korrekt / kvalitetssikra med bakgrunn av spreinga i tilboda. Barmen viste til tidlegare erfaring med Jønsson, samt møter med verksemda, og at ingenting tyder på at ikkje prisen står seg gjennom prosjektet.

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om finansieringsplan og øvrige økonomiske forhold ved prosjektet. Ole K. Ø. Helland spør om konsekvensar dersom Uni Micro AS trekk seg ut etter 5 år. Verpelstad viste til at det ville innebere bortfall av leigeinntekt vist til i saksdokumenta.

Anne-Britt Almelid etterspør om goder innbyggjarane har vil forsvinne dersom nytt bygg vert vedteke bygd - om økonomien strammar seg til i for stor grad. Verpelstad viste til at det kan bli stramare drift - vist til i budsjett, men at det er politikarane i Modalen som avgjer prioriteringar framover.

Liv Anne Aanesen etterspør føringar for miljøaspektet m.a. restverdiar i bygg som skal rivast, gjenbruk m.m. Skuggevik orienterte om at det har vore gjort vurderingar av materialar i bygg som skal rivast, og at det er totalentreprenør sitt ansvar. Dette kan takast med inn i styringsgruppa.

Ole K. Ø. Helland spør om konsekvensar ved evt. bortfall av kraftinntekter. Verpelstad viser til at bortfall vil påverke økonomien. Sigrunn A. Birkeland spør om intensjonsavtale med Uni Micro AS som har varigheit på 5 år, og at det vil finansiere tilsvarende sum. Rådmannen viste til at det er vanskeleg å binde verksemdar for meir enn 5 år, og at Uni Micro AS i møter med kommunen har gjeve uttrykk for at dette er ei langsiktig satsing frå deira side, men at det er risiko i budsjettet. Roger Fure etterspør om det er råd å byggje med solpanel på taket. Skuggevik tek innspelet med vidare for drøfting i styringsgruppa.

Debatt:

Anne-Britt Almelid haldt innlegg til støtte for bygging av nytt bygg. Ho peika på kva modalssamfunnet har fått til med kraftpengane, og oppmoda alle om å stemme for. Ann-Jorunn Farestveit haldt innlegg kor ho viste til at nybygg ville redusere handlingsrommet til kommunen. I tillegg at bygget Uni Micro AS i dag nyttar vil stå tomt under Modalen næringsbygg AS sin eigarskap.

Ordføraren haldt innlegg kor prosjektet vart satt i samanheng med satsing på nye arbeidsplassar - eit samla næringsliv. Roger Fure viste til at det bygget ein har i dag ikkje tilfredsstillar krav i dag, eller for framtida. Ba om at teknisk sjef orienterte. Skuggevik viste til TEK 17 (tekn. forskrift) og m.a. universell utforming, ventilasjon, arbeidsmiljøomsyn, fuktskader. I tillegg at dette skal vere eit bygg for heile bygda for ulike samanhengar.

Rådmannen la til at universel tilkomst også innbefattar innbyggjarane sine høve til å nytte / få tilgang til bygget. Ordførar viste til at kommunestyret har arbeidsgjevaransvaret for tilsette i administrasjonen, og at dette ansvaret skal ein vere medvite. Anne-Britt Almelid etterspurde kostnadsoverslag for rehabilitering av dagens bygg. Skuggevik viste til tilstandsrapport frå COWI nokre år tilbake at anbefalinga var at det var lite lønsomt å rehabilitere framfor nybygg. Kristin Nåmdal etterspurde kva Ann-Jorunn Farestveit ynskte som løysing dersom ho ikkje ynskte nybygg. Ann-Jorunn Farestveit ville komme attende til dette i alternativt forslag til vedtak. Nåmdal holdt støtteinnlegg for nybygg. Ove Eidsnes holdt støtteinnlegg for nybygg, og ba om at det vart halde gruppemøte omgåande slik at evt. alternative framlegg til vedtak kunne drøftast.

Det var halde gruppemøte i Solrenningslista.

Solrenningslista la fram 2 alternative forslag til vedtak.

Ole K. Ø. Helland haldt innlegg kor han var bekymra for at det no skulle byggjast nytt lokale for Uni Micro AS når det allereie har blitt kosta eit lokale (noverande).

Nathalia Yndestad var bekymra for dei eldre som i fortsetjinga kanskje ikkje fekk ha nærbutikk på Øvre Helland.

Roger Fure understreka at COOP Modalen ikkje hadde planar for å leggje ned avdelinga på Øvre Helland. Dessutan problematiserte han at Uni Micro AS berre hadde leigeavtale for 2 år fram i tid, og kva som kan bli situasjonen etter det.

Ordføraren tok dei ulike framlegga til vedtak opp til votering:

- alt. 1 frå Ann-Jorunn Farestveit - 5 stemmer for: Ann-Jorunn Farestveit, Ole Kristian Øvre Helland, Nathalia Yndestad, Knut Farestveit og Robert Helland.

Framlegget til Ann-Jorunn Farestveit fekk ikkje fleirtal, og dei to andre alternativa til vedtak vart sett opp mot kvarandre.

- alt. 2. frå Sigrun A. Birkeland - 6 stemmer for: Ann-Jorunn Farestveit, Ole Kristian Øvre Helland, Nathalia Yndestad, Knut Farestveit, Sigrun Almelid Birkeland og Robert Helland

- alternativet frå administrasjonen/formannskapet i saksframlegget - 7 stemmer for: Kjetil Eikefet, Anne Britt Almelid, Liv Anne Aanensen, Kristin Nåmdal, Roger Fure, Marit Kristin Nese og Ove Eidsnes  
Framlegget frå administrasjonen vart vedteke med 7 mot 6 stemmer.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å rive eksisterande kommunehus og byggje eit nytt nærings- og tenestesenter på same tomt i Mo sentrum. Kommunestyret vel alternativ 2 – som har ein tilleggsdel med utleige til næringslivet. Modalen kommune inngår kontrakt med totalentreprenør Lars Jønsson AS som hadde det rimlegaste tilbodet i anbodskonkurransen. Byggefasen vil ha oppstart hausten 2020 og fedigstillast hausten 2021. Kommunestyret løyver ei totalramme til prosjektet på kr. 60 800 000,- inkl. mva. Kommunestyret vedtek låneopptak på kr. 42 000 000,-.

---

## 024/2020: Økonomirapportering 1. tertial 2020

### Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtaket i sak 23, Mo nærings- og tenesteseiter, tilseier at det må vedtakast tilleggslåneopptak.

Verpelstad la fram framlegg til vedtak frå administrasjonen.

Revisjonsleiar Janne Erstad orienterte om at regneskapen er godkjent med nokre få mindre punkt til oppfølging.

Vedteke mot to røyster: Ole Kristian Øvre Helland og Sigrunn Almelid Birkeland

### Vedtak:

**Økonomirapporteringa for 1. tertial 2020 vert teken til orientering.**

**Justering av budsjettvedtaket for 2020**

Løyving i investeringsbudsjettet 2020 til Mo nærings- og tenesteseiter vert endra til kr 20 000 000.

Samla låneopptak 2020 til investeringsføremål vert endra til kr 17 400 000. Lånet er heimla i kommunelova § 14-15, fyrste ledd (finansiering av investeringar i varige driftsmidlar som skal eigast av kommunen sjølv).

Låneopptaket gjeld brannstasjon kr 3,5 millionar og nærings- og tenesteseiter kr 13,9 millionar.

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår, inkl rente og nedbetalingstid.

---

## 025/2020: Val av meddommarar for perioden 2021 - 2024

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

**Meddommarar jorskifteretten:**

Marianne Tepstad

Ann Jorunn Farestveit

Anne Britt Almelid

Frank Stian Steinsland

Terje Øvre Helland

Ole Kristian Øvre Helland

**Meddommarar lagmannsretten:**

Gro Henny Mo

Harald Kjensli

**Meddommarar til tingretten:**

Marit Kristin Nygard Nese

Trygve Mjelde

Val av meddommarar til tingretten, lagmannsretten og til jordskifteretten blir i samsvar med domstollova § 68, lagt ut til offentlig ettersyn på kommunen si heimeside og på Kundetorget. Valet gjeld for perioden 01.01.2021 – 31.12.2024

---

026/2020: Val av skjønnsmedlemer for perioden 2021 - 2024

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Skjønnsmedlemer frå Modalen kommune :

Kristin Nåmdal

Bjørn Helge Venås

---

027/2020: Intensjonserklæring Akson - heilskapleg samhandling og felles kommunal  
journalløysing

**Behandling:**

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om saka, og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

**Modalen kommune gjev sin tilslutnad til Akson gjennom å signere intensjonserklæring (vedlagt) som omfattar følgjande:**

1. Modalen kommune gjev sin tilslutnad til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysningar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggjast til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenestoområde.

2. Etter at arbeidet for 2020 med å tydeleggjere rammeføresetnadar, premiss og planer for Akson har kome lenger, og hvis Modalen kommune ynskjer det, vil Modalen kommune kunne ta del vidare basert på følgjande alternativ:

a. Inngå forpliktingsavtale om samarbeid eller annan tilknytningsform (t.d. medeigerskap) i "Selskapet Akson journal" frå start, samt aktivt ta del i det vidare arbeidet med anskaffings- og utviklingsarbeidet med etablering av felles kommunal journalløysing.

b. Inngå opsjonsavtale og avvente beslutning om tilknytning til felles verksemd og å ta i bruk felles kommunal journal.

3. Modalen kommune har til intensjon å finansiere sin del av felles kommunal journal dersom den på eit seinere tidspunkt forpliktar seg til å ta journalløysinga i bruk.

---

028/2020: Møteplan hausten 2020

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

**Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for hausten 2020 med dei endringsforslaga som kom fram i møtet.**

---

029/2020: Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan.

**Behandling:**

Assisterende rådmann orienterte kort om saka.  
Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Modalen kommune vedtek revidert utgåve av rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020 – 2024 slik han ligg føre.

---